



Interpellasjon til kommunestyremøtet, 9. september 2015

NEI til auka bruk av midlertidige tilsette

1. juli 2015 vart fleire endringar i arbeidsmiljølova (AML) iverksett. Til tross for at ei samla fagrørsle har vore mot endringane valde likevel den blå-blå regjeringa å presse gjennom til dels dramatiske endringar. Verken LO, YS eller Unio var inkluderte i prosessen, noko som må karakteriserast som historisk uvanleg og kunnskapslaust frå regjeringa.

Dei viktigaste endringane er: fleire midlertidige tilsette, billigare å bruke vikarar enn å ha faste tilsette, dårlegare arbeidstider og fjerning av tiltak mot sosial dumping. Endringane i AML er først og fremst ei samling tiltak som har flytta makt frå arbeidstakarar til arbeidsgivar og som vil gi den useriøse delen av arbeidslivet større boltreplass. AML er ei vernelov og har sidan den blei innført medført stadig betre arbeidsvilkår for arbeidstakarane. Med dei nye endringane er det vedtatt reelle innskjerpingar i arbeidstakarane sine rettar. Dette er nye tonar og, sjølv om det er oppsiktsvekkande, gjerne noko vi må forvente frå den blå-blå regjeringa.

Når det gjeld endringane i § 14-9 om midlertidige tilsetjingar blir det no opna for at inntil 15 % av arbeidsstokken kan vere midlertidig tilsett utan særskilt grunngjeving. Dette er å angripe fundamentet i eit organisert arbeidsliv, som er grunnlaget for tryggleik og verdigheit for arbeidsfolk. Konsekvensen blir at nytilsette kan få svekka rettar og mindre mulegheiter til å stille krav om eit godt arbeidsmiljø. **Meland AP ønskjer ikkje eit A- og eit B-lag i norsk arbeidsliv.** Som midlertidig tilsett blir det vanskelegare å planlegge for framtida, sidan det er arbeidsgjevar som avgjer lengda på arbeidsavtalen. Dette kan gjere det vanskelegare å få boliglån i banken og Arbeidstilsynet påpeika i ein uttale at (det som då var) framlegg til avtale i ytterste konsekvens kan føre til meir sjukdom, stress og ulukker.

Meland AP ønskjer ikkje at Meland kommune skal bli ein arbeidsgjevar som opnar for større bruk av midlertidig tilsette. Dersom vi ser til utviklinga i Sverige så har meir liberale reglar ført til dobbelt så mange midlertidige tilsette og ein ungdomsledigheit som er svært høg.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune skal framleis vere ein ansvarleg og seriøs arbeidsgjevar, der trygg eldreomsorg, gode skolar og elles gode kommunale tenester for innbyggjarane har hovudprioritet. Til dette treng vi tilsette som opplever tryggleik og stabilitet, noko ein ikkje oppnår gjennom auka bruk av midlertidige tilsette.

På denne bakgrunnen vil ikkje Meland kommune bruke mulegheita til auka bruk av midlertidig tilsette (jf. § 14-9 f), men halde fram med praksis slik den var før endringa i arbeidsmiljølova 1. juli 2015.

Frekhaug, 28.8.2015

Øyvind H Oddekalv
representant, Meland AP